

Ulstein kommune

## ► Temaplan for naturmangfold



Vedteke i Ulstein kommunestyre, sak 54/26, 18.06.2026



## ► Samandrag

Denne temaplanen skal gi ei oversikt over naturmangfaldet i Ulstein kommune, og legge rammer for ei heilskapleg og berekraftig forvaltning av naturområda. Planen er utarbeidd på grunnlag av tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet. Planen omfattar denne rapporten, og eit tilhøyrande kunnskapsgrunnlag i form av ein eigen rapport.

Målet med planen er å ta vare på og styrke naturmangfaldet i Ulstein gjennom berekraftig bruk og vern. Planen definerer fem strategiar for å nå dette målet:

1. Auke og oppdatere kunnskapen om naturmangfaldet
2. Gi føringar for arealplanlegging
3. Legge til rette for berekraftig arealforvaltning
4. Sette naturmangfald på dagsordenen
5. Restaurere og verne meir natur

Til kvar av strategiane er det knytt ulike tiltak. Sentrale tiltak er å prioritere og gjennomføre vidare kartlegging av naturmangfald og funksjonsområde, nytte rulleringa av kommuneplanens arealdel til å i større grad sikre ivaretaking av naturmangfaldet gjennom arealformål, omsynssover og føresegner, og sørge for god forankring, opplæring og kompetanse i kommunen som organisasjon. Bevisstgjeriing på naturbaserte løysingar som ein del av den nødvendige tilpassinga til eit klima i endring er også viktig.

Planen peikar på natur som det er særleg viktig å ta vare på i Ulstein, basert på gjennomgangen i kunnskapsgrunnlaget. Dette gjeld særleg den sterkt trua arten austersjørøyr, som veks i sanddyner ved strandsona, og er trua av rekreasjon og turisme på vekseplassane, og strandsonene og strandflateområda som husar mange trua artar og viktige naturtypelokalitetar. Vidare inngår sjølvstekt naturreservata i kommunen, men også naturtypar som kystlynghei og slåttemark. I tillegg er Haddalselva særleg viktig som vassdrag.

Planen trekk også fram dei viktigaste trugsmåla mot naturen i Ulstein. Dette omfattar først og fremst arealendring og utbygging, men også endringar i landbruket og framvekst og etablering av framande artar.

# Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Mål med planarbeidet	6
1.3	Organisering av planarbeidet	6
1.4	Medverknad	6
<b>2</b>	<b>Handlingsplan, strategiar og tiltak</b>	<b>7</b>
2.1	Handlingsplan	7
2.2	Strategi 1 – Auke og oppdatere kunnskapen om naturmangfaldet	9
2.3	Strategi 2 - Gi føringar for arealplanlegging og byggesak	12
2.4	Strategi 3 – Legge til rette for berekraftig arealforvaltning	15
2.5	Strategi 4 - Sette naturmangfald på dagsordenen	20
2.6	Strategi 5 - Restaurere og verne meir natur	21
<b>3</b>	<b>Føringar og retningslinjer for planarbeidet</b>	<b>22</b>
3.1	Nasjonale føringar og retningslinjer	22
3.2	Regionale føringar og retningslinjer	23
3.3	Kommunale føringar og retningslinjer	23
<b>4</b>	<b>Kunnskapsgrunnlag</b>	<b>24</b>
4.1	Verdsetting og rangering av natur - definisjon av ulike omgrep	24
4.2	Naturen i Ulstein	25
4.3	Naturvernområde	25
4.4	Utvalde naturtypar	26
4.5	Raudlista artar	26
4.6	Sensitive artar	27
4.7	Framande artar	28
<b>5</b>	<b>Spesielt viktig for Ulstein</b>	<b>29</b>
5.1	Spesielt viktig art	29
5.2	Spesielt viktige område	29
5.3	Trugsmål mot naturen i Ulstein	30

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Ulstein kommune har store naturkvalitetar og stor spennvidde både i naturtypar og plante- og dyreliv. Folketalsveksten i Ulstein har vore høg i mange år, og med dette følgjer aukande press på dei grøne områda. Det er behov for å få ei oversikt over naturmangfaldet i kommunen, og legge rammer for ei heilskapleg og berekraftig forvaltning av naturområda.


Naturmangfaldet blir påverka av mange ulike forhold. Arealinngrep og arealbruk er den klart viktigaste negative påverknadsfaktoren, ved at leveområde for ulike artar blir bygde ned eller endra. Kommunane har hovudansvaret for arealforvaltninga gjennom plan- og bygningslova, og har dermed ei svært viktig oppgåve med å ta vare på naturmangfaldet gjennom utøvinga av si rolle som arealmyndigheit.

Vidare fører auka ferdsel til slitasje i vegetasjonen, og uro for dyreliv i sårbare periodar i livssyklusen. Dette er særleg uheldig i område med sårbare artar. Klimagassutslepp har også direkte samanheng med naturmangfaldet. Nedbygging av karbonrike areal som myr og skog gir i seg sjølv klimagassutslepp. Auke i temperatur og nedbør som følgje av klimagassutslepp vil føre til endringar i naturen, både på land og i havet.

Kompetanse innan naturforvaltning, berekraftig bruk av areala og naturressursar og reduksjon i utslepp av klimagassar vil vere vesentleg for framtidig utvikling og bevaring av naturmangfaldet. Stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald, Meld. St. 14 (2015-2016) legg vekt på at kompetansen om naturmangfald i kommunane må aukast, og det er løyvd statlege midlar gjennom Miljødirektoratet til dette formålet. Denne temaplanen er utarbeidd på grunnlag av slike tilskotsmidlar.

FNs naturpanel (IPBES) rapporterer at naturmangfaldet forsvinn raskt. For oss menneske kan tap av naturmangfaldet vere katastrofalt. Økosystemtenester fortel noko om korleis vi menneske er avhengig av at prosessar i naturen fungerer. Dei vert delt inn i fire kategoriar:

- Grunnleggjande livsprosessar/støttande tenester
- Forsynande tenester
- Regulerande tenester
- Opplevings- og kunnskapstenester (kulturelle tenester)



Figur 1: Hovudkategoriar av norske økosystemtenester (NOU 2013: 10 Miljøverndepartementet)

I arbeidet med naturmangfald og arealforvaltning tek planen utgangspunkt i det såkalla tiltakshierarkiet. Tiltakshierarkiet er eit anerkjent prinsipp i norsk naturforvaltning og inneber at inngrep i natur skal handterast trinnvis for å redusere negative konsekvensar for naturmangfaldet.

Tiltakshierarkiet består av følgjande trinn:

1. **Unngå** – så langt som mogleg skal inngrep i verdifull natur unngåast.
2. **Avgrense** – der inngrep ikkje kan unngåast, skal omfang og skade avgrensast mest mogleg.
3. **Setje i stand (restaurere)** – natur som er skadd av inngrep, skal setjast i stand der dette er mogleg.
4. **Kompensere** – dersom tap av naturverdiar ikkje kan unngåast eller restaurerast, kan kompenserande tiltak vurderast som siste utveg.

I kommunal planlegging betyr dette at førebygging og god arealstyring er dei viktigaste verkemidla for å ta vare på naturmangfaldet. Tiltakshierarkiet skal nyttast som eit grunnleggande vurderingsprinsipp i plan- og byggjesaker, og sjåast i samanheng med naturmangfaldlova §§ 8–12 og prinsippet om samla belastning.

## 1.2 Mål med planarbeidet

*Ta vare på og styrke naturmangfaldet i Ulstein gjennom berekraftig bruk og vern.*

Temaplanen skal synleggjere korleis Ulstein kommune skal arbeide framover for å verne om og sikre naturmangfaldet i kommunen, på tvers av sektorar og ansvarsområde.

## 1.3 Organisering av planarbeidet

Planarbeidet har vore organisert med ei arbeidsgruppe, som omfattar planleggar, miljørådgjevar og GIS-rådgjevar i kommuneadministrasjonen, og Norconsult som innleigd konsulent for utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget og eit utkast til plan. Ei referansegruppe beståande av fem eksterne biologar, natur- og fugleinteresserte har bidratt med innspel i planprosessen.

Formannskapet har vore styringsgruppe for planarbeidet.

## 1.4 Medverknad

Planprosessen følgjer dei ordinære prosessane i plan- og bygningslova og krava som er stilt der knytt til medverknad. Oppstart av planen blei varsla i januar 2023 med annonse i avisa og på kommunen si heimeside. Det vart lagt fram sak i politiske utval i kommunen; teknisk utval, fellesrådet, levekårsutvalet og ungdomsrådet. Hausten 2025 vart det gjennomført møte med referansegruppa, beståande av lokale biologar, fugle- og naturinteresserte. Planframlegget vart lagt ut til offentleg ettersyn i perioden medio desember 2025 og ut januar 2026 med annonse i avisa, på kommunen si heimeside og Facebook-side. Det kom inn fem innspel, der to var frå offentleg mynde.

## 2 Handlingsplan, strategiar og tiltak

Det er definert fem strategiar for å nå målet om å ta vare på og styrke naturmangfaldet i Ulstein gjennom berekraftig bruk og vern.

Dei fem strategiane er:

1. **Auke og oppdatere kunnskapen om naturmangfaldet**
2. **Gi føringar for arealplanlegging**
3. **Legg til rette for berekraftig arealforvaltning**
4. **Sette naturmangfald på dagsordenen**
5. **Restaurere og verne meir natur**

I dette kapittelet er handlingsplan, strategiar og tilhøyrande tiltak omtalt. Til kvar av strategiane er det knytt ulike tiltak. Det enkelte tiltaket kan i nokre tilfelle samsvare med fleire av strategiane, men er plassert der dei er vurdert å ha størst samanfall med strategien.

### 2.1 Handlingsplan

Handlingsplanen er ei oppsummering og konkretisering av tiltaka som er nemnt i dei ulike strategiane nedanfor. Den skal gi administrasjonen styringssignal for oppfølging av temaplanen, og vere grunnlag for prioriteringar i plan-, forvaltnings- og utviklingsarbeid. Handlingsplanen er ikkje eit økonomisk vedtak, men skal nyttast som grunnlag i økonomiplan og søknad om eksterne midlar.

#### 2.1.1 Tiltak kommunen skal følgje opp gjennom ordinær verksemd

Tiltak	Grunnlag i planen	Oppfølging
Etablere intern naturgruppe	Strategi 1	Skal ha som målsetting å gjennomføre minimum eitt årleg naturprosjekt relatert til tiltaka i planen
Bruke temaplanen aktivt i rullering av kommuneplanens arealdel	Strategi 2 og 3	Temaplanen skal vere fagleg grunnlag ved vurdering av nye arealformål, omsynssoner og føresegner
Leggje omsynet til naturmangfald til grunn i reguleringsplanar og dispensasjonssaker	Strategi 2	Naturmangfald vert vurdert som del av ordinær sakshandsaming, jf. naturmangfoldloven. Sjekklistar og malar vert oppdatert
Vektleggje fortetting, transformasjon og gjenbruk framfor nedbygging av nye naturområde	Strategi 2	Prinsippet ligg til grunn i arealvurderingar og planarbeid
Nyttiggjere eksisterande kunnskap i plan- og byggesaker	Strategi 1	Eksisterande kunnskap vert lagt til grunn der det er tilstrekkeleg. Krav om ny kartlegging vert stilt i private planforslag der manglande eller utdatert kunnskap gjer det vanskeleg å vurdere konsekvensar for naturmangfald
Sikre at relevante fagmiljø i kommunen kjenner til planen og tydelege rutinar for drift av kommunale areal utarbeidast	Strategi 3 og 4	Intern bruk av planen som oppslags- og referansedokument. Tydeleggjere rutinar for handtering av framande artar, klipping av plen, kantslått, død ved og auking av mikrohabitat
Gjennomføre planvask av eldre reguleringsplanar	Strategi 2	Planvask gjennomførast i samband med neste rullering av kommuneplanens arealdel eller tidlegare
Bruke arealrekneskap utarbeidd av Møre og Romsdal fylkeskommune aktivt i planarbeid	Strategi 3	Arealrekneskapen vert nytta som kunnskapsgrunnlag i kommuneplanarbeidet og kommunen bidreg til vidareutvikling av

		rekneskapen gjennom bruk og tilbakemeldingar
Lage kart som viser oversikt over område med sitkagran	Strategi 3	Utarbeide kart som viser område med sitkagran og prioritere kva område som bør fjernast først
Ivareta Austersjørøyr som kommunal ansvarsart i lokal forankring	Strategi 2 og 4	Status som kommunal ansvarsart skal gi særskilt merksemd i kommunal forvaltning. Kunnskap om lokalitetar og aktuelle omsyn vert halden oppdatert og lagt til grunn ved behov, særleg i samband med bruk og ferdsel i strandsona
Informasjon og formidling om lokale naturverdiar	Strategi 4	Synleggjering gjennom eksisterande kanalar
Utarbeide kart over område aktuelle for restaurering	Strategi 5	Basert på kunnskapsgrunnlag og plan lagast eit oversiktskart over område som er aktuelle for restaurering og skjøtsel

### 2.1.2 Tiltak kommunen skal følgje opp ved ekstern finansiering

Tiltak	Grunnlag i planen	Oppfølging
NiN2-kartlegging av pressområde og regulerte, ikkje utbygde areal	Strategi 1 og 2	Prioriterast ved ekstern finansiering
Vurdere restaureringstiltak i utvalde vassdrag, særleg Sauneselva og Fløelva/Storelva	Strategi 3 og 5	Føreset dialog med grunneigarar, samarbeid med NVE og Statsforvaltaren, samt ekstern finansiering
Vurdere moglegheiter for restaurering av myrområde i kommunen, t.d. Sneldelimyrane	Strategi 3 og 5	Føreset dialog med grunneigarar, fagleg grunnlag og ekstern finansiering
Utarbeiding av skjøtelsesplanar for prioriterte naturtypar, kystlynghei og slåttemark	Strategi 3	Ekstern finansiering, i samarbeid med grunneigarar og landbrukskontoret
Kartlegging og oppfølging av marine naturverdiar	Strategi 1 og 5	Avhengig av metodeutvikling og ekstern finansiering
Vurdere aktuelle område for utvida vern eller formalisert langsiktig sikring av naturverdiar	Strategi 5	Føreset ekstern finansiering for kartlegging og fagleg vurdering, dialog med Statsforvaltaren og grunneigarar.
Utvikle og styrke naturmangfald i sentrumsområde	Strategi 2, 3, 4 og 5	Kommunen skal arbeide vidare med å ta vare på og utvikle naturpreg og naturmangfald i sentrumsnære område, mellom anna gjennom grønne strukturar, naturbaserte løysingar, tilrettelegging for hekking og offentlege uteområde. Arbeidet skjer gjennom pågåande og framtidige prosjekt, planlegging og drift, og byggjer på erfaringar frå prosjekt med ekstern finansiering

### 2.1.3 Tiltak kommunen vil leggje til rette for, men ikkje sjølv gjennomføre

Tiltak	Grunnlag i planen	Oppfølging
Tiltak mot framande artar (t.d. mink)	Strategi 3 og 5	Leggje til rette for samarbeid med frivillige og nabokommunar

Skjøtsel av kystlynghei og slåttemark	Strategi 3 og 5	Rettleiing og kontakt med grunneigar, landbrukskontoret og Statsforvaltaren
Innsamling av lokal kunnskap om naturmangfald	Strategi 1	Tilrettelegging for dialog og bruk av registreringsverktøy
Samarbeid med frivillige, lag, organisasjonar og akademia	Strategi 4	Koordinering og støtte, ikkje drift




*Figur 2: Elvemusling (VU) i Haddalselva.*

## **2.2 Strategi 1 – Auke og oppdatere kunnskapen om naturmangfaldet**

For å kunne verne om og styrke naturmangfaldet i kommunen er det nødvendig å kjenne til naturtypar, artar og deira leveområde, og kva som truar den naturen vi ønskjer å ta vare på. God, oppdatert og tilgjengeleg kunnskap er eit heilt nødvendig grunnlag.

I dag er ikkje naturen i Ulstein tilstrekkeleg kartlagt. Dette gjer at ein kan risikere å bygge ned, eller på andre måtar påverke verdifulle naturområde negativt, fordi ein ikkje veit om dei. Kunnskapshola er særleg store for marine naturtypar.



Figur 3: *Tanyptera atrata* (LC) er ein slektning av stankelbein.

### **2.2.1 Tiltak: Prioritere og gjennomføre vidare kartlegging av naturmangfald/funksjonsområde.**

I kapittel 5 i kunnskapsgrunnlaget er det identifisert område der nærare kartlegging av naturmangfaldet kan vere særleg relevant. Kartlegging av område med utbyggingspress skal prioriterast, sidan risikoen for tap av verdifulle naturverdiar er størst i desse områda.

Kartlegging skal gjennomførast etter metodikken Natur i Noreg 2.0 (NiN 2.0), mellom anna for å avklare førekomst av raudlista naturtypar. Det kan vere aktuelt å gjennomføre supplerande kartlegging for å auke kunnskapen om enkelte trua dyreartar.

På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget peikar følgjande område seg ut som døme på område der vidare kartlegging kan vere aktuell, etter nærare prioritering:

- Boholmen, Kloholmane og Peholmen der tidlegare kartlegging har gitt naturverdi C, men der det er registrert fleire raudlista artar
- Grasneset ved Dimnasund, som har potensial for funn av fleire artar, særleg plantar og sopp
- Saunesmarka, som er eit område med utbyggingspress og indikasjonar på uregistrerte naturverdiar
- Strandflater på Flø og delar av Dimnøya, som er viktige leveområde for fleire artar og naturtypar
- Djupemyrane, der det er behov for nærare avklaring av myrtype og naturverdi
- Område med rik edellauvskog sør i kommunen, særleg areal som ligg utanfor eksisterande verneområde

Lista er ikkje uttømmende, og eventuelle kartleggingar føreset prioritering, kapasitet og tilgang på ekstern finansiering.

### **2.2.2 Tiltak: Innhenting av lokal kunnskap om naturmangfaldet**

Lokal kunnskap om naturmangfaldet i kommunen kan utgjere eit viktig supplement til den samla kunnskapen i kommunen. Det bør leggjast opp til innhenting av lokal kunnskap om naturmangfaldet som ein del av oppfølginga av naturmangfaldsplanen. Lokale lag og organisasjonar, og mellom anna det ornitologiske miljøet, jeger- og fiskeforeining og dykkarklubbar kan ha mykje relevant kunnskap.

### **2.2.3 Tiltak: Forankring, opplæring og kompetanseutvikling i eigen organisasjon**

Naturmangfald må forankrast i kommunen, både politisk, på leiarnivå og i avdelingane.

Naturmangfald må inngå som ein integrert del i kommunen sine satsingsområde, og administrativ og politisk leiing må etterspørje resultat. Kommunen sine tilsette og politikarar må ha tilstrekkeleg kompetanse om naturmangfald til å kunne legge til rette for og ta gode avgjerder i aktuelle saker.

Fast fagkompetanse i form av biolog eller naturforvaltar, eventuelt gjennom interkommunalt samarbeid, vil vere ein styrke for kommunen. Dette vil kunne bidra både til intern kompetanseoppbygging og betre handtering av konkrete saker. Samstundes er kommunen merksam på at slike stillingar kan vere krevjande å etablere innanfor dagens økonomiske rammer, og at statleg støtte vil vere avgjerande for dette.

For å styrkje det interne arbeidet med naturmangfald vil kommunen leggje til rette for etablering av ei tverrfagleg intern naturgruppe. Ei slik gruppe kan vere eit verkemiddel for betre samordning, kunnskapsdeling og oppfølging av temaplanen på tvers av fagområde. Det er eit mål at kommunen gjennom dette arbeidet kan gjennomføre minst eitt avgrensa naturrelatert tiltak eller prosjekt årleg, i tråd med prioriteringane i planen og innanfor tilgjengelege ressursar.

Tiltaket omfattar også formidling og oppbygging av kunnskap om naturmangfald og skjøtsel for alle som arbeider med utbygging, drift og vedlikehald av vegareal og kommunal eigedom, inkludert arbeid gjennom driftskontrakter eller annan innleige. Kunnskapen kan innarbeidast i obligatorisk kurs, og det kan utarbeidast læreark/sjekklistar for å unngå uønska hendingar med negative konsekvensar for naturmangfaldet.

Ein viktig føresetnad for god kompetanseutvikling vil vere at kommunen er godt kartlagt for naturmangfald, og at kartleggingane ligg offentleg tilgjengeleg og om naudsynt inne i kommunen si kartløyising. Kartleggingane blir slik lett tilgjengelege, både for saksbehandlarar i kommunen, privatpersonar og politikarar.

## 2.3 Strategi 2 - Gi føringar for arealplanlegging og byggesak

### 2.3.1 Tiltak: Naturmangfald inn i sjekklister og malar

Omsyn til naturmangfald i kommunen må innarbeidast i sjekklister og malar knytt til arealplanlegging og byggesak, slik at naturmangfaldet i større grad blir ivaretatt. Dette gjeld både sjekklister og malar til bruk for eksterne forslagsstillarar av reguleringsplanar, og til intern bruk i kommunen.



Figur 4: Kjøttmeis (LC) som rugar i fuglekassa.

### 2.3.2 Tiltak: Fortetting, gjenbruk og transformasjon som hovudgrep

I staden for å bygge ned natur og dyrka mark må fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie nedbygd areal vere hovudgrepet. Saunesmarka er eit døme på næringsareal, der det er store asfalterte flater som i liten grad vert utnytta.

### 2.3.3 Tiltak: Planvask

Med planvask meiner ein ei systematisk gjennomgang av gjeldande arealplanar for å vurdere om eldre planvedtak framleis er i tråd med oppdatert kunnskap, nasjonale og regionale føringar og kommunen sine mål for berekraftig arealforvaltning og naturmangfald. Planvask kan bidra til å avklare om areal som i dag er sett av til utbygging framleis bør liggje inne i planverket, eller om naturverdiar tilseier endra arealbruk. Ulstein kommune skal gjennomføre planvask i samband med neste rullering av kommuneplanen sin arealdel.

### 2.3.4 Tiltak: Utarbeiding av temakart for naturmangfald

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) bør brukast aktivt til å ivareta større naturområde og samanhengar mellom desse. Der viktige samanhengar manglar, må det vurderast å gjenopprette desse.

Som ein del av rulleringa av KPA bør det utarbeidast eit temakart for naturmangfald, som synleggjer dei overordna grøne samanhengane. Omsynssoner som er relevante for naturmangfaldet bør også visast. Dette vil synleggjere og samle kunnskapsgrunnlag og føringar knytt til naturmangfald, og vil kunne vere eit godt hjelpemiddel for å prioritere viktige område for naturmangfaldet i arealdelen til kommuneplanen.

Det kan særleg vere viktig å inkludere bynære område i omsynssoner for naturmangfald, slik at ein sikrar grøne område og dermed vandringskorridorar i urbane strøk, t.d. Holmen-området.

### **2.3.5 Tiltak: Styrke naturmangfald gjennom omsynssoner**

Kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar kan definere omsynssoner med tilhøyrande føresegner og retningslinjer for bevaring av naturmiljø (H560). Også andre omsynssoner kan vere aktuelle og bidra til å styrke naturmangfaldet; til dømes omsynssone for grønstruktur og for landskap.

I gjeldande KPA for Ulstein finns det allereie fleire omsynssoner for naturmangfald. Tilhøyrande føresegner gir eit visst vern, men opnar samtidig for skjønn slik at omsynet til naturmangfaldet kan settast til side. Ut frå målet om å vare på det biologiske mangfaldet i kommunen, bør det ikkje bli gitt løyve til å byggje eller på anna måte forringe natur i omsynssoner og naturtypelokalitetar. Det må vurderast å endre føresegnene, for betre å ivareta behovet for vern.

Ved rullering av KPA skal eksisterande omsynssoner vidareførast, og dei kan også aukast i areal. Dette må særleg vurderast i og nær eksisterande og planlagde tettbygde område. Ein kan til dømes inkludere naturtypelokalitetar som ikkje allereie ligg inne i omsynssoner, eller inkludere større areal i sona på 150 meter frå sjøkanten, då denne sona husar mykje viktig biologisk mangfald i kommunen.

Reguleringsplanar er meir detaljerte enn KPA, og i ein reguleringsprosess kjem det ofte fram ny kunnskap. Reguleringsplanar skal følgje overordna føringar gitt i KPA, men kan også fastsette nye omsynssoner og ha meir detaljerte føresegner.

I alle reguleringsplanprosessar bør det gjerast ei vurdering av om omsynet til naturmangfald vil bli godt nok sikra gjennom å vidareføre omsynssoner og føresegner i KPA, eller om det er behov for sterkare vern. Basert på tida som har gått frå utarbeidinga av KPA, og dei seinare års kunnskap om trugsmåla mot naturmangfald, vil det i mange tilfelle vere behov for sterkare vern av naturmangfaldet.

### **2.3.6 Tiltak: Ivareta omsyn til naturmangfald gjennom føresegner**

Både i KPA og reguleringsplanar kan det fastsettast føresegner som vernar om og styrkar naturmangfaldet. Føresegnene kan knytast til omsynssoner eller til ulike arealformål, som bustadområde eller veganlegg. Det kan også vere generelle føresegner som gjeld for heile planen. Dette handlingsrommet må utnyttast for å ta vare på og styrke naturmangfaldet i kommunen.

Føresegnene skal vere konkrete og etterprøvbare. Eksempelvis bør det i staden for eit generelt krav om å ta vare på mest mogleg av eksisterande vegetasjon på ei hyttetomt, heller stillast krav om at ein gitt prosentandel av tomta skal takast vare på, og at eventuelle avvik skal grunngjevast og dokumenterast.

Aktuelle krav og føresegner som vil vere positivt for naturmangfaldet kan til dømes vere knytt til

- sikring av grøne korridorar, både på overordna nivå, i mindre skala og i Ulsteinvik sentrum
- grøne overvassløysingar
- bevaring av vegetasjon og krav om fysisk avskjerming i byggefasen
- krav om tilplanting
- krav om restaurering av natur og kompenserte tiltak
- tilrettelegging for pollinatorar
- bruk av heimlege planteartar og dermed unngå framandartar i grøntanlegg

### **2.3.7 Tiltak: Ivareta omsyn til naturmangfald i dispensasjonssøknadar**

Mange utbyggingar skjer på grunnlag av dispensasjonar frå ulike plankrav. Ved behandling av dispensasjonssøknadar er det viktig at kommunen har høg bevisstheit knytt til kva konsekvensar ein dispensasjon kan få for naturmangfaldet.

Den store utfordringa som arealbruksendringar utgjer for naturmangfaldet, består av mange mindre enkeltsaker. Sjølv om ei enkelt sak i seg sjølv ikkje har store konsekvensar, må også det store bildet vurderast, jamfør naturmangfoldloven § 10 om samla belastning

### **2.3.8 Tiltak: Sikre naturmangfald gjennom oppfølging i byggefasen**

Det er under utbyggingsfasen dei faktiske arealendringane skjer. Det er lite nytte i krav og retningslinjer som skal ivareta naturmangfaldet, dersom dei ikkje blir følgde opp i praksis.

Kommunen er i byggesaker pliktig til å føre tilsyn med at tiltaket blir gjennomført i samsvar med gitte løyver og føresegner, jf. plan og bygningslova § 25. Kommunen skal føre tilsyn i slikt omfang at den kan avdekke regelbrot.

Avsetting av ressursar til oppfølging av byggesaker og tilsyn er derfor også ei viktig kommunal oppgåve for å ivareta naturmangfaldet.

I byggefase må tiltakshavar følgje naturmangfoldlova kapittel II om berekraftig bruk. I byggefase gjeld dette spesielt paragrafane 11 og 12.

## 2.4 Strategi 3 – Legge til rette for berekraftig arealforvaltning



Figur 5: Tveskjeggveronika (LC) veks i open lågurtskog, skogkantar, eng- og beitemark.

### 2.4.1 Tiltak: Utarbeiding av skjøtelsesplanar

Kommunen bør utarbeide skjøtelsesplanar for viktige naturområde, for å oppnå ei meir treffsikker og varig forvaltning. Desse kan også utarbeidast etter innspel frå grunneigarar og organisasjonar. Skjøtelsesplanar er aktuelle mellom anna for verneområda i Ulstein, og der er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal vernemyndigheit og ansvarleg for skjøtelsesplanar. Areal utanfor verneområde som peiker seg ut som kommunen kan lage skjøtelsesplanar for er:

- Strandsoneområde, som både er viktige for biologisk mangfald, og er mykje brukt av menneske. Til dømes Osnessanden og Roppene og strandsona på Flø.
- Kystlyngheier, først og fremst dei mest verdifulle lokalitetane, som er registrert som utvalde naturtypar. Dette gjeld lokalitetane Eiksund: Aursneset, Haddal: Furøya, Dimna: Dimnavika-Bilkvågen, Dimna: Røyrafjellet, Dimna: Dimnaneset og Ulsteinvik: Hatløya (sjå i Naturbase).
- Beite- og slåttemark. Slåttemark er ein naturtype som krev aktiv skjøtsel for at kvalitetane skal bli haldne ved like. Lokaliteten Eiksund: ved Havågane NR med den utvalde naturtypen slåttemark bør prioriterast. Også dei andre lokalitetane med slåttemark og naturbeitemark som blei funne i 2008 er aktuelle kandidatar for skjøtelsesplanar. Dette gjeld slåttemarka Ulstein: Skokken og naturbeitemarkane Eiksund Aursnes, Dimna: Sundet/Sundgot øst, Dimna: Sundet/Sundgot vest, Dimna: Dimnasund, Dimna: Indre Dimna, Ulsteinvik: Spjøttöya, Ulsteinvik: Osneshaugen, Ulstein:

Gåsneset og Flø: Indrefløy. Av disse bør ein prioritere slåttemarka Ulstein: Skokken, då slåttemarkar er meir trua enn naturbeitemarker.

#### **2.4.2 Tiltak: Sikring av små og sårbare lokalitetar**

Kunnskap om kva som er sårbar natur og kvar ein finn denne er viktig. I Ulstein er lokalitetane med austersjørøyr særleg små og sårbare, og tiltak for å sikre disse bør settast i verk. Ved å sette opp skilt kan ein opplyse dei som bruker strendene om lokalitetane, og om nødvendig omsyn til desse. Samtidig kan skilting føre til meir trakk og

Informasjon om turmål og utlegging av trimpostar, bør planleggast med omsyn til å unngå slitasje i sårbare naturtypar og funksjonsområde for artar. Skilting og merking er gode tiltak som fører til auka bruk, men som også er eigna til styre ferdsele utanom dei mest sårbare områda.

#### **2.4.3 Tiltak: Nedkjempe framande artar**

Nokre av dei framande artane kan utgjere eit trugsmål mot trua artar og naturtypar i kommunen. Desse bør kartleggast og fjernes, for å oppretthalde lokalt artsmangfald. Særleg viktig vil det vere å nedkjempe framande artar i og ved verneområde og viktige naturtypar.

Rynkerose og hagelupin kan fortrenge lokale artar i strandsona. Platanlønn kan bidra til gjengroing av open kulturmark, og fortrenge lokale artar i edellauvskogar. Sitkagran kan bidra til rask og tett gjengroing i kystlyngheier. Dei framande algane og stillehavsøsters kan redusere artsmangfaldet på sjøbotnen og redusere habitat og mattilgang for lokale artar, til dømes sjøfugl og fisk som treng gyteplassar.

**Nedkjemping av artane parkslirekne, hagelupin og rynkerose bør prioriterast.** Desse artane er utbreidde i kommunen, og utgjere eit trugsmål for lokale artar og naturtypar, særleg i strandsona.

I alle bygge- og anleggsprosjekt som involverer handtering av jordmassar, bør tomte og andre område som blir påverka undersøkast for framande planteartar. Ei innleiande undersøking kan gjerast ved bruk av Artskart, men i dei fleste tilfelle bør nokon undersøke tomte i felt. Den nyaste versjonen av Fremmedartslista skal brukast. Ved funn av framande artar bør ein vurdere å sette i verk tiltak for å oppfylle krava i Naturmangfaldlova § 28, som seier at ein skal forsøke å ikkje spreie framande artar.

Ein skal spesielt vurdere tiltak for artar i kategoriane «svært høg risiko» SE og «høg risiko» HI på Fremmedartslista, og sjå til eventuelle nye rettleiarar som bygger på siste utgåve av Fremmedartslista. For metodikk for å nedkjempa artane, bør ein sjå til Miljødirektoratet og Sweco sin rapport frå 2018 «*Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter*». Her blir det også lista opp artar og grupper med artar som er spesielt viktige å ta omsyn til i tiltak som involverer massehandtering (høgrisikoartar).

#### **2.4.4 Tiltak: Arealrekneskap**

Det største trugsmålet mot artar er at dei stadig får mindre areal å leva på. Kommunen bør utarbeide arealrekneskap for å få oversikt over dei samla endringane i arealbruk, og dermed betre kunne vurdere dei samla verknadane arealendringane har på naturmangfaldet.

Arealrekneskap kan utarbeidast på ulikt nivå, og til ulik bruk.

**Ein overordna arealrekneskap** bør utarbeidast som ein del av kommuneplanarbeidet, i samsvar med tilrådingar frå kommunal- og distriktsdepartementet. Ein slik arealrekneskap kan gi oversikt over planlagde endringar i arealdelen, og det kan vise kva utbyggingspotensial som ligg inne i eksisterande planar. Rekneskapan kan også nyttast til å dokumentere kvalitetar, sårbarheiter og behov for restaurering av naturen i kommunen, og slik gi eit betre kunnskapsgrunnlag i samband med vurdering av areal som blir vurderte eller foreslått til utbyggingsformål.

**Arealrekneskap for naturtypar.** Arealrekneskap kan også utarbeidast meir detaljert for naturtypane i kommunen. Her kan ein etablere oversikt over status for kvar enkelt naturtype i kommunen, få oversikt over kva typar natur ein har mykje eller lite av, og kva typar natur det blir meir av eller mindre av over tid.



*Figur 6: Blåknapp (LC) er ein av favorittblomane til fleire dagsommarfuglar.*

#### **2.4.5 Tiltak: Vurdere arealnøytralitet**

Arealnøytralitet inneber at ein ikkje skal bygge ned areal som er viktige for biologisk mangfald, som er all natur- og kulturmark. All nybygging skal skje på allereie utnyttede areal. Nokre norske kommunar, til dømes Nordre Follo, har som målsetjing å bli arealnøytrale, av omsyn til naturmangfaldet.

Kommunen bør vurdere arealnøytralitet som eit mogleg tiltak for å vare på og styrke naturmangfaldet. Tiltaket skal arbeidast med og vurderast i neste rullering av kommuneplanens arealdel. Arealrekneskap vil inngå som eit nødvendig grunnlag for å oppnå arealnøytralitet.

#### **2.4.6 Tiltak: Gjennomføre pollinatorvenleg slått**

Dette er eit enkelt tiltak, som inneber å vente med kantslått av kommunale vegar til etter 1. juni. Ved grasplenar med innslag av blomstrande artar som kløver, kan det også ha god effekt å klippe graset sjeldnare når blomstringa pågår som sterkast. Tiltaket kan ha stor betydning for ville pollinerande insekt.

Samtidig kan det vere nødvendig med tidleg kantslått nokre stader, for å fjerne kraftigveksande vegetasjon og hindre framande artar å sette frø og spreie seg. Plantevernmiddel bør berre nyttast til nedkjemping av enkelte førekomstar av framande artar, og på stader som ikkje kan skjøttast på annan måte.

#### **2.4.7 Tiltak: Naturmangfald i landbruket**

Bruk av areal til landbruksformål kan ha stor påverknad på naturmangfaldet, til dømes gjennom grøfting av myrer, bekkar som blir lagt i rør, bygging av landbruksvegar, skogplanting og gjødselhandtering. Samtidig har aktivt landbruk skapt naturtypar som er leveområde for ei rekke trua artar. I Ulstein er slåttemark ein slik naturtype, og opphøyr av jordbruksdrift er det viktigaste trugsmålet mot denne naturtypen.

For fleire av dei semi-naturlege naturtypane i kommunen er vidareføring av tradisjonell bruk og drift ein føresetnad for å ta vare på både naturmangfald og kulturhistoriske verdier. Dette gjeld til dømes slåttemarkar og blomsterenger som krev regelmessig slått før og etter blomstring, og som ikkje bør gjødselast eller beitast. Det gjeld òg beiteområde som må haldast i hevd for å hindre attgroing og kystlynghei der lyngbrenning gjennomført på ein kontrollert måte er ein del av tradisjonell og naudsynt skjøtsel. I nokre område kan òg tradisjonelle driftsformer som styving av alm vere viktige for å oppretthalde leveområde for artar knytte til kulturbetinga landskap.

Det bør setjast i gang eit systematisk arbeid for å redusere den negative påverknaden frå jordbruks- og skogbruksdrift kan ha på naturmangfaldet. Vidare bør det stimulerast til å oppretthalde driftsformer som ivaretek dei semi-naturlege naturtypane. Nye driftsmetodar, utviding av kantsoner og å sette igjen øyar er også gode tiltak for å betre samspelet mellom landbruket og naturmangfaldet.

Det finst fleire etablerte tilskotsordningar innanfor landbruket som kan nyttast til skjøtsel av trua naturtypar og kulturbetinga natur, mellom anna kystlynghei og slåttemark. Tilskotsordningar som SMIL-midlar og regionale miljøprogram (RMP) kan mellom anna støtte tiltak som skjøtsel, lyngbrenning og kompetansebygging gjennom kurs og rettleiing.

#### **2.4.8 Tiltak: Styrke klimatilpassing i arealforvaltninga gjennom naturbaserte løysingar**

Alle artar blir påverka av klimaendringane, både direkte og indirekte. Natur og naturbaserte løysingar kan bidra til å dempe verknadane av klimaendringar, og kan samtidig styrke naturmangfaldet. Naturbaserte løysingar kan også ha fleire funksjonar, som å bidra til rekreasjon og trivsel.

Ulstein kommune vil arbeide for eit meir klimatilpassinga samfunn gjennom å i større grad å nytte naturbaserte løysingar i arealforvaltninga. Dette inneber til dømes å legge til rette for fordrøying av vatn ved store nedbørsmengder gjennom bevaring av våtmarksområde og kantvegetasjon ved vassdrag, og val av opne blågrøne løysingar som til dømes regnbed i meir tettbygde område.

#### **2.4.9 Tiltak: Auke mikrohabitat**

Mikrohabitat er ulike mindre levestadar innanfor eit større habitat.

Daud ved i skog er eit viktig livsmiljø for eit rikt og variert artsmangfald. I dei fleste organismegrupper finst mange artar som på ulike vis er avhengig av daude tre, særleg blant sopp, insekt, mose, lav og fugl. I Norden er anslagsvis meir enn 7500 artar knytt til daud ved. Ei rekke vedlevande artar er vurdert som trua eller nær trua på Raudlista over trua artar.

Når kommunen driv skjøtsel av eigne naturområde må tre, kvist og greiner som vert felt eller kappast leggest i haugar i området. Ved planering av eit område, bør det lagast ujamne, kuperte område, t.d. små dammar for å auke mikrohabitatet.



*Figur 7: Daud ved i Kristparken i Oslo gir liv for insekt, sopp og smådyr.*

## 2.5 Strategi 4 - Sette naturmangfold på dagsordenen



Figur 8: Utklipp frå Søre Sunnmøre reinhaldsverk si brosjyre om framande artar og hagerømlingar.

### 2.5.1 Tiltak: Aktiv og god kommunikasjon

Kommunen må rettleie og informere om naturmangfold til ulike grupper i aktuelle kanalar. Aktuelle målgrupper kan for eksempel vere jordbruket, utbyggjarar og entreprenørar, elevar, hageeigarar og brukarar av naturområde. Kommunikasjonskanalar kan vere kommunen si heimeside, sosiale media, lokalavisa, dialogmøte, undervisningsopplegg med meir.

Kunnskapen om, og dermed eigarskapen til, lokalt naturmangfold kan aukast ved å informere om lokale naturverdiar som verneområda, strandområda, kystlyngheia, dei grunne havområda, og artar som til dømes austersjørøyr, purpurlyng, storspove, hubro, ærfugl og elvemusling. Det må også informerast om framande artar, hagerømlingar og ulempene med hageutkast og ulovlege deponi.

I kommunikasjonen må også fokus på folkehelsemåla og sikring av natur til neste generasjon synleggjerast.

Tilrettelegging av god og lett tilgjengeleg informasjon om naturmangfold på kommunen sine nettsider og kartløyning er vesentleg. Også vedlikehald og oppdatering av informasjonen må ivaretakast.

## **2.5.2 Tiltak: Marknadsføring av Artskart og registreringsmuligheter i Artsobservasjoner**

[Artskart \(artsdatabanken.no\)](https://artsdatabanken.no) er ein database med kvalitetssikra, stadfesta informasjon om artar i Norge. Databasen inneheld verdifull og interessant informasjon, ikkje berre for dei som har ansvar for å forvalte naturmangfaldet, men også for innbyggjarar og besøkande i kommunen.

I den kartbaserte løysinga [Artsobservasjoner - rapportsystem for arter i Norge](#) kan privatpersonar legge inn egne observasjonar, og dermed bidra til å auke kunnskapsgrunnlaget. Det er mogleg å legge inn observasjonar via mobilen, direkte på staden der observasjonen blir gjort. Rapportering av artsobservasjonar er særleg aktuelt i samband med nedkjemping av framande artar, der ein vil vere avhengig av samarbeid med private.

Kommunen kan marknadsføre desse kartportalane på si heimeside, som eit tiltak for å auke interessa for naturmangfaldet i kommunen, og få gjort viktig lokalkunnskap allment tilgjengeleg.

## **2.5.3 Tiltak: Samarbeid med frivillighet, næringsliv, offentleg verksemd og academia**

Det ligg eit stort potensiale i samarbeid med næringsliv, frivillige organisasjonar og ressurspersonar for å nå målet om å vare på og styrke naturmangfaldet i Ulstein. Både lokalkunnskap og engasjement for lokalmiljøet er viktige ressursar, og samarbeid kan også bidra til å nå nye målgrupper.

Godt samarbeid med ulike offentlege instansar er ofte ein nødvendig del av saksbehandlinga i kommunen, men sit ofte på verdifull kompetanse som kan utnyttast i fleire samanhengar.

Akademia er ein samarbeidspartnar som kan bidra til innovasjon og utvikling av løysingar for morgondagen, også i naturspørsmål.

Gjennom samarbeid med skulane kan barn og unge snekre fuglekasser og få ansvar for ulike naturområde.

## **2.6 Strategi 5 - Restaurere og verne meir natur**

### **2.6.1 Tiltak: Vurdere nye verneområde og utvida vern i allerede verna område**

I følgje FNs naturavtale frå 2022 skal alle land skal verne 30 % av sine hav- og landområde. I Ulstein er ca. 5,6 km<sup>2</sup> verna gjennom 5 ulike naturreservat som er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova. I tillegg har kommunen eldre verneformar som dyrelivsfreding- og dyrefredingsområde der førstnemnde utgjer store sjøareal utanfor Flø og Runde. Dette er vernform som ikkje er definert som eit områdevern og vert difor ikkje teljande i talstatistikken som naturvern frå SSB og Miljødirektoratet. Dyrevernområda for Grasøyane og Flø, Stokksund/Blikkvågane er fuglefredingsområde som til saman utgjer omlag 4 km<sup>2</sup> og skal medreknast i oversikta over samla verna areal. Det betyr at Ulstein har om lag 9,6 km<sup>2</sup> verna areal som tilseier om lag 3,7 % av kommunen sitt totale areal på 257 km<sup>2</sup>. Ulstein bør strekke seg etter 30 % vern av både sjøareal og landareal.

I Ulstein har ein god dekning av fuglefredingsområde og reservat for edellauvskog. Ein har i mindre grad fanga opp verdiane i myr, hei og strandsone, så dette kan vere aktuelle naturtypar for vern. Andre moglegheiter er marine verneområde og vern av kystfuruskgogen på Eika.

Det bør vidare vurderast om det er aktuelt å endre verneform på nokre område frå dyrefreding/ dyrelivsfreding til naturreservat, for å kunne gi vern for andre artar enn fugl og pattedyr, til dømes for plantar. Ein moglegheit for eit strengare vern av trua artar og naturtypar, er å jobbe saman med Statsforvaltaren for å få område verna i etter naturmangfaldlova.

### **2.6.2 Tiltak: Utarbeiding av oversikt over areal som er aktuelle for restaurering**

Det er mykje vanskelegare og meir kostbart å restaurere eit naturområde, enn å ta vare på dei naturområda og artane vi har i dag. I følgje FNs naturavtale frå 2022 har Noreg forplikta seg til å restaurere 30 % av

naturen. Det bør etablerast ei kartfesta oversikt over areal i kommunen som er aktuelle for restaurering. Arbeidet kan utførast som eit eige prosjekt, eller inngå som ein del av revisjonen av kommuneplanens arealdel.

Aktuelle område for restaurering kan vere areal knytt til annan viktig natur, som naturvernområde, vassdrag, myr eller tidlegare kartlagde naturtypar. Vidare kan areal som kan bidra til større samanhengande naturområde vere aktuelle; både utvidingsareal og korridorar mellom område, samt reetablering av kantvegetasjon langs vassdrag. Hente inn eksempel frå kunnskapsgrunnlaget 2.12.

Døme på område som kan restaurerast er laksetrapper og kantvegetasjon langs Sauneselva, Joelva og Raudeelva på Skeide, Saunesmarka som flaumregulator, fjerning av grøfter Sneldelimyrane på Flø, heving av Sundgotvatnet. Røyrafjellet, Gamleeidet, Sloka på Dimnøya og nedre Ringstaddalen er også aktuelle område for å skjøtte kystlynghei.

### **2.6.3 Tiltak: Restaurering og langsiktig sikring av vassdragsnatur**

Nokre vassførekomstar i kommunen er registrert med dårleg eller svært dårleg økologisk tilstand og krev særleg merksemd i kommunal planlegging og forvaltning. Sauneselva og Fløelva peikar seg ut som vassdrag der tidlegare inngrep har ført til redusert funksjon for anadrom laksefisk. I desse vassdraga er det kjent problem knytt til vandringshinder og tap av oppvekst- og gyteareal, særleg for sjøaure.

Desse vassdraga er difor viktige innsatsområde i kommunen sitt arbeid med vassmiljø og naturmangfald, og dannar grunnlag for vidare vurderingar av moglege restaureringstiltak i dialog med relevante styresmakter og grunneigarar.

I arbeidet med vassdragsnatur kan det vere aktuelt å vurdere gjenopning av lukka vassveggar der dette er tenleg. Å gjenopne vassveggar er ofte eit effektivt tiltak for betre handtering av overvassavrenning, samstundes som det kan gi positive økologiske effektar ved å betre leveforholda for artar i og langs vassdraget. Slike tiltak kan også bidra til meir naturbaserte løysingar ved flaum og ekstremnedbør.

## **3 Føringer og retningslinjer for planarbeidet**

### **3.1 Nasjonale føringer og retningslinjer**

- **FN sine berekraftsmål**

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, fjerne ulikskap og stoppe alvorlege klimaendringar. Regionale og lokale myndigheiter har eit særskilt ansvar for å følge opp berekraftsmåla. Berekraftsmåla *Livet under vatn (14)* og *Livet på land (15)* er saman med måla *Berekraftige byar og lokalsamfunn (11)* og *Stoppe klimaendringane (13)* særleg relevante for temaplanen.

- **Nasjonale mål for naturmangfald, vedtatt i Prop. 1 S (2018-2019)**

Noreg har 24 miljømål fordelt på seks resultatområde. Innafor resultatområde naturmangfald er det fastsett tre miljømål, som er retningsgivande for kommunen sitt arbeid med temaplanen for naturmangfald:

1. Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester.
2. Ingen artar og naturtypar skal utryddast, utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast.
3. Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar.

- **Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (20.06.2023)**

Mellom anna Parisavtalen om klima og det globale rammeverket for naturmangfald er vektlagt, og forplikting til innsats også i fylkeskommunane og kommunane er understreka.

- **Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold**

- **Meld. St. 35 (2023-2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur**

- **Lov om naturmangfald (2009)**

Den mest sentrale lova innan naturforvaltning er naturmangfaldslova. Formålet med lova er fastsett i § 1: «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

- **Anna sentralt lovverk**

Plan- og bygningslova, kulturminnelova, jordlova, skoglova, viltlova, friluftsløvslova, vassforskrifta.

### **3.2 Regionale føringar og retningslinjer**

- **Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021–2024, med tilhøyrande fylkesstrategi**

Har mellom anna mål om god tilstand i 90 prosent av økosystema både på land og i vatn, og at ein skal stanse tap av naturtypar og artar.

- **Andre regionale føringar**

- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027  
Kommunen har ei viktig rolle i vassforvaltningsarbeidet med ansvar for å treffe vedtak om gjennomføring av tiltak innan drikkevatt og avløp, overvasshandtering, landbruksforvaltning, arealforvaltning og forureining. Kommunen skal jobbe systematisk med miljøtiltak, og vil vere avhengig av bistand frå Møre og Romsdal fylkeskommune i tida framover for å oppnå målsettinga om minst god vasskvalitet i alle vassførekomstar.
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi (2023-2026)
- Fylkesstrategi for landbruk (2023-2026)

### **3.3 Kommunale føringar og retningslinjer**

- **Kommunal planstrategi 2023-2027**

Naturmangfald er omtala i kap. 4.3 i kommunal planstrategi 2023-2027. Utarbeiding av denne planen er eit av tiltaka. Nokre av hovudutfordringane er å avklare arealbruk og støtte opp under gjenbruk av areal for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling, gamle og utdaterte detaljreguleringsplanar, manglande oversikt over sårbar og trua natur i kommunen og at framande artar spreier seg.

- **Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel**

I samfunnsdelen frå 2017 seier mål 9.1 m.a. at Ulstein kommune sin langsiktige areal- og utbyggingspolitikk skal sikre berekraftig bruk av areal- og naturressursar i heile kommunen. Ein av strategiane er at Ulstein kommune skal legge Fredrikstaderklæringa til grunn for arbeidet med å sikre ei berekraftig utvikling i kommunen, der omsynet til grønverdiar, friluftsliv og biologisk mangfald skal vektleggast.

I føreordet til arealdelen 2019-2031 står det at arealdelen skal også ta hand om vern av kulturminne, naturmiljø og naturressursar. I plankartet og i føresegnene er det sett av omsynssoner for bevaring og bandlegging av naturmiljø.


- **Kommunedelplanar og temaplanar**

- Kommunedelplan for landbruk 2021-2031
- Plan for friluftslivets ferdselsårer Hareid og Ulstein (slutthandsaming mai 2026)
- Hovudplan for vassforsyning 2022-2030
- Hovudplan avløp 2019-2029
- Forvaltningsplan for hjort 2025-2027
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2018 (rullerast 2026)

## 4 Kunnskapsgrunnlag

Det er utarbeidd eit eige kunnskapsgrunnlag, som vedlegg til planen. I dette kapitlet er det gjengitt eit kort samandrag av kunnskapsgrunnlaget.

### 4.1 Verdsetting og rangering av natur - definisjon av ulike omgrep



Figur 9: Illustrasjon av hierarkiet av omgrep som er nytta til å verdsette og rangere natur i forvaltninga.

Ei grov rangering av natur av kan finnast i forvaltningshierarkiet, og er illustrert i figur 1:

**Verneområde:** Har strengaste vernet, omfattar den mest trua naturen. Naturreservat, nasjonalpark og landskapsvernområde. I ei konsekvensutgreiing får verneområda «svært stor verdi».


**Prioriterte artar** har sterkt vern, på linje med verneområda. Får «svært stor verdi» i ei konsekvensutgreiing.

Statsforvaltaren har ofte mynde til å forvalte både verneområde og prioriterte artar.

**Utvalde naturtypar** er naturtypar som skal vurderast som særleg viktige i offentleg saksbehandling, og som er omfatta av eigne forskrifter. Får «svært stor verdi» i ei konsekvensutgreiing.

**Naturtypar:** Areal med natur som er rekna som trua og/ eller meir verdifulle enn anna type natur. Er enten raudlista naturtypar, dårleg kjende naturtypar, og/eller naturtypar med sentral økosystemfunksjon. Raudlista for naturtypar nyttar i stor grad dei same kategoriane som raudlista for artar (figur 2). I ei konsekvensutgreiing vil naturtypelokalitetar kunne få alt frå «noko verdi» til «svært stor verdi», basert på deira kvalitet og status på raudlista.

**Artar på raudlista (ny raudliste i 2025, takast i bruk frå 2027).** Trua, nær trua artar og artar som vi har svært lite kunnskap om. Desse artane står i fare for å forsvinne frå norsk natur.



Figur 10: Kategoriar for raudlista artar.

## 4.2 Naturen i Ulstein

Klima og natur er sterkt prega av nærleiken til kysten, med høg gjennomsnittstemperatur, mykje nedbør, milde vintrar og høg luftfuktigheit. Dette gjer at ein kan finne naturtypar som edellauvskog og myr i kommunen.

Topografien er variert, med både kystlinje og høge toppar. Omfattande utmarksbeite har forma naturen i kommunen, og store område er utan skog.

Grunne havområde med små øyer gir grunnlag for eit rikt fugleliv og store areal med marine naturtypar. Flate strandbremmar både over og under havoverflata rommar både kulturmark, bebyggelse og variert natur.

## 4.3 Naturvernområde

Om lag 19% av kommunen sitt totale areal er naturvernområde. Desse er:

### Runde dyrelivsfreding

Rikt og interessant fugleliv.

### Grasøyane fuglefredingsområde

Inngår i Runde Ramsar-område. Svært viktig hekkeområde for sjøfugl.

### Flørauden naturreservat

Viktig område for sjøfugl. Inneheld trua, sjeldan og sårbar natur.

### Sandøya-Vattøya naturreservat

Viktig hekkelokalitet for sjøfugl. Inneheld trua, sjeldan og sårbar natur.

### Flø fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding

Overvintringsområde for vassfugl. Rikt på planteartar og samfunn. Viktig våtmarksområde.

### Stoksund-Blikkvågane dyrefredingsområde


Overvintring og overnattingsplass for vassfugl.

### Alstranda naturreservat

Stor variasjon i skogtypar og stort mangfald av krevjande planteartar. Sjeldne plante- og fugleartar. Internasjonal verdi.

### Havågane naturreservat

Restar av den største homogene eikeskogbestanden i Møre og Romsdal, med naturleg plante- og dyreliv.



Figur 11: Naturvernområde i Ulstein kommune.

## 4.4 Utvalde naturtypar

Det finst åtte naturtypar som er utvalde etter forskrift om utvalde naturtypar: Slåttemark, slåttemyr, hole eiker, kalklindeskog, kalksjør, kystlynghei, open grunnlendt kalkmark, olivinskog og korallrev. Slåttemark, kystlynghei og korallrev er utvalde naturtypar som finst i Ulstein. Nærare omtale og oversikt over naturtypar finst i kunnskapsgrunnlaget.

### 4.4.1 *Naturtypelokalitetar i Ulstein*

Kommunane pliktar å ta omsyn til nasjonale mål om å ivareta det mest verdifulle naturmangfaldet. Her er naturtypar, trua og nær trua naturtypar, spesielt relevant.

Dei fleste naturtypelokalitetane på land er knytt til Ulstein si lokalisering på kysten, samt til kulturmark. Kystlynghei er den vanlegaste naturtypen, og det er i tillegg mange lokalitetar av denne naturtypen i strandsona. Det er òg fleire lokalitetar med naturbeitemark og slåttemark, i tillegg til edellauvskog.

I sjøarealet til kommunen er det mange naturtypelokalitetar med taeskog og skjelsand. Desse lokalitetane er kartfesta ved bruk av modellering. I tillegg er det mange lokalitetar med ålegraseng.

### 4.4.2 *Raudlista naturtypar*

Norsk raudliste for naturtypar viser kva for naturtypar som står i fare for å forsvinne frå norsk natur. Naturtypar som er vurdert til kategoriane kritisk trua (CR), sterkt trua (EN) eller sårbar (VU) blir definert som trua. I tillegg er nokre naturtypar nært trua (NT), og desse er òg på raudlista.

I Ulstein kommune er det registrert følgjande trua og sårbare naturtypar:

- Slåttemark: Kritisk trua
- Kystlynghei: Sterkt trua
- Naturbeitemark: Sårbar

## 4.5 Raudlista artar

### 4.5.1 *Plantar, sopp og lav*

Av plantar på raudlista er det nokre artar det er verd å ta spesielt omsyn til, enten fordi dei er typiske for kystnaturen, eller fordi dei er særskild trua.

Artar med fleire observasjonar :

- Austersjørøyr (EN), observert på Osnes og Roppane. Knytt til sanddyner, trua av rekreasjon og turisme. Lokaliteten på Roppane ligg i område med dyrelivsfreding, noko som ikkje vernar planten.
- Heistorr (NT). Stadvis vanleg på ytre delar av vestlandskysten, sjølv om den har er på raudlista.
- Vestlandsvikke (NT) veks i open skog, skogkantar, beiteområde og heilandskap.
- Strandkveke (NT). Arten er knytt til sandstrender og sanddyner.

Alm (EN), bjønnrot (EN) og solblom (EN) er i dei to høgaste kategoriane på raudlista, men har få registrerte observasjonar i kommunen.

Det er ingen registreringar av raudlista mosar i kommunen, men det er truleg potensiale for å finne både artar som er knytt til fossesprøytsoner, oseaniske artar, og artar knytt til fjellet.

Det er fleire lavartar med status som sårbar (VU) i kommunen. Det er observert elleve raudlista soppartar kategoriane VU og NT i kommunen dei seinare åra.

### 4.5.2 *Fuglar og pattedyr*

Dei raudlista pattedyra som er mest aktuelle å ta omsyn til er piggsvin (NT) og nordflaggermus (VU).

Ei lang rekke raudlista fugleartar er observert i kommunen; dei fleste artar knytt til det marine miljøet. Dette gjeld til dømes hettemåke (CR), fiskemåke (VU), gråmåke (VU), lomvi (CR), lunde (EN), makrellterne (EN) og ærfugl (VU). For sjøfugl er grunne havområde, øyer, holmar, fjøresona og strandsona dei viktigaste områda.

Artar knytt til kulturlandskapet, som vipe (CR), åkerrikse (CR), storspove (EN), songlerke (NT) og svartstrupe (EN) finst også. Det er også mange observasjonar av talrike men raudlista sporvefuglar som grønfink (VU) og gråspurv (NT).

#### **4.5.3 Marine artar**

Det er få observasjonar av marine artar i kommunen, med unntak av fuglar, og fisk som også bruker ferskvatn. Det er registrert ein observasjon av pigghå (VU) frå 2003.

Vidare er det registrert store førekomstar av tareskog, skjelsand og blautbotnområde i HB19 i kommunen. Dette gjeld spesielt nord i kommunen i havområde utanfor Flø og mot Grasøyane. Det er også registrert ålegrasenger på Haddal, rundt Dimnøya, Hatløya, Osnes og Flø. Ulstein kommune har også mange registrerte pollar, spesielt rundt Dimnøya. Ulstein kommune har også registrert korallrev langs kommunegrensa ved Breisundet.

Regionalt viktige gytefelt for torsk er registrert i havområdet i kommunen heilt frå Osnessanden og til Eiksund. I tillegg har kommunen to gytefelt for uer og eit for sild heilt nord i kommunen.

#### **4.5.4 Artar i ferskvatn**

Ål (EN) er knytt til bekkar, og elver og innsjøar i kystnære strøk, og er observert fleire gongar i kommunen.

Elvemusling (VU) lever i bekkar og elver med bestandar av aure eller laks. Dei er funne i Haddalselva og bør takast omsyn til ved arealplanlegging og inngrep i dette vassdraget.

Laks (VU) og sjøaure (LC) finst i nokre av vassdraga i kommunen, t.d. Sauneselva og Fløelva.


### **4.6 Sensitive artar**

Sensitive artar er artar som er spesielt sårbare for forstyrring, og som blir beskytta ved at kunnskap om deira leveområde, til dømes reirplassar, ikkje er offentleg tilgjengeleg. Dei sensitive artane som i samsvar med Naturbase kan vere til stades i kommunen er hubro, havørn, hønehauk, vandrefalk og kongeørn. Av desse er hubro spesielt viktig å ta omsyn til.

I tillegg finst det andre spesielt omsynskrevjande artar som ikkje nødvendigvis er på raudlista, men som likevel skal takst spesielt omsyn til i arealplanlegging. Kvitryggspett, gråspett og dvergspett er hakkespettar som er knytt til eldre lauvskogar. Dei er observert fleire gonger i kommunen, og er relevante å ta omsyn til ved arealplanlegging som rører ved eldre lauvskog, spesielt sør i kommunen.

## 4.7 Framande artar

Framande artar er ikkje naturleg heimehøyrande i Noreg, og blir definert i ein av fem kategoriar. Kilder til spredning av fremmede artar er bl.a. dumping av hageavfall i naturen; frøspredning fra veikanter, hager og parkanlegg; gravearbeider og flytting av jordmasser.



Figur 12: Kategoriane som blir brukt i Fremmedartslista beskriver den økologisk risikoen dei framande artane utgjør for naturmangfaldet i Noreg. Illustrasjon: Artsdatabanken.

### 4.7.1 Karplanter

Dei fleste framande artane som er observerte i Ulstein kommune er karplanter.

**Platanlønn** (SE) spreier seg med frø. I hovudsak observert langs fylkesveg 61. Arten koloniserer raskt opne habitat, og kan fortrenge heimlege tre og busker.

**Sitkagran** (SE) spreier seg med frø. Sitkagran har blitt planta til skogbruksformål. Observert spreidd, men med den største konsentrasjonen på Flø.

**Hagelupin** (SE) spreier seg i hovudsak med frø eller rotdelar ved flytting av jordmassar. Kan fortrenge lokale artar frå opne, tørre naturtypar. Observert i Ulsteinvik, langs fylkesveg 61 over Dimna, og ved Eiksund.

**Parkslirekne** (SE) spreier seg i hovudsak med rotdelar ved flytting av jordmassar. Veks raskt, blir svært tett og er vanskeleg å fjerne, kan fortrenge lokale artar. Observert i Ulsteinvik og i Haddal, og på fleire strender.

**Rynkerose** (SE) er spreier seg først og fremst med frø. Etablerer seg raskt på strender, og kan fortrenge lokale artar. Er vanskeleg å bli kvitt, og må ofte bli sprøyta. I hovudsak observert på Flø og i Ulsteinvik.

**Bulkemispel** (SE) har vore og er framleis ei populær hagebusk. Spreier seg med fugl som spis bæra. I hovudsak observert i Ulsteinvik, langs fv. 61 og langs Sundgotvegen.

### 4.7.2 Terrestriske dyr

**Mink** (SE) kan være eit trugsmål mot fuglar som hekkar på bakken, til dømes ender, måker og vadarar. Det er få registreringar i Artskart av mink i Ulstein og i Hareid, men den er likevel er godt representert i kommunen.

### 4.7.3 Marine organismar

**Pollpryd** (SE), **krokberar** (SE) og **japansk sjølyng** (SE) er marine algar som veks på forholdsvis grunt vatn. Alle dei tre artane kan fortrenge lokale algeartar. Artane er funne nokre få stadar i kommunen, spesielt rundt Dimna, men kan vere oversett.

**Stillehavsøsters** (SE) er i spreining langsmed norskekysten. Kan danne svært tette bestandar både på hardbotn og blautbotn, slik at lokale artar ikkje får moglegheit til å vekse og etablere seg. Er berre funne ein gong i Ulstein, men kan vere oversett.

**Schizoporella japonica** (HI) har ikkje noko norsk namn. Det er eit mosdyr som veks som ein skorpe på harde underlag. Arten kan utkonkurrere lokale artar mosdyr, og den kan også hindre vekst av blåskjel, som er ein nøkkelart. Arten er berre funne ein gong i Ulstein, men kan vere oversett.

## 5 Spesielt viktig for Ulstein

### 5.1 Spesielt viktig art

**Austersjørøyr** (EN) er truleg den arten som er mest spesiell for Ulstein kommune. Lokalitetane her veks langt nord for dei andre norske lokalitetane, og den er sterkt trua. Arten veks i naturtypar som er utsett for slitasje og ofte trua av utbygging.

Ulstein kommune har eit særleg ansvar for å ta vare på arten gjennom lokal arealforvaltning og planlegging.

Austersjørøyr vert difor definert som kommunal ansvarsart i temaplan for naturmangfald i Ulstein kommune.

Dette inneber at kommunen skal leggja særskilt vekt på omsyn til arten i plan- og byggjesaker, og sikre at kunnskap om lokalitetar, trugsmål og forvaltning vert halden oppdatert over tid.

### 5.2 Spesielt viktige område

#### 5.2.1 *Naturreservata*

Område som allereie er verna som naturreseptat må ein rekna med at får stå urørd i framtida, og dei er ikkje nærare omtalt her, trass i at dei har eit rikt artsmangfald. Dette gjeld til dømes edellauvskogane i reservata Alstranda og Havågane. Det kan også finnast område innanfor naturreseptata som er meir verdifulle for biologisk mangfald enn tidlegare antatt, dette bør bli undersøkt gjennom kartlegging.

#### 5.2.2 *Strandsona og strandflateområde*

Mange trua artar og kartlagde viktige naturtyperlokalitetar kan finnast nær kystlinja. Strandsona og strandflateområda er også attraktive område å bygge på og på anna vis bruke for menneske, og dei er derfor truleg pressområde også i Ulstein. Ein viktig kvalitet med strandsona og strandflateområda i Ulstein er kombinasjonen av fleire naturtypar som grunne havområde, strender og kulturmark som til dømes naturbeitemark. På strendene finn ein også lokalitetane med austersjørøyr.

#### 5.2.3 *Haddalselva*

Av vassdraga i kommunen er det Haddalselva som peikar seg ut som mest verdifull. Elva har ei relativt lang strekning med laks og sjøaure, og har ein god bestand av elvemusling. Elva renn også gjennom eit område med ein mosaikk av myr, kulturmark, heilandskap og noko skog.

#### 5.2.4 *Utvalde naturtypar*

Det er fleire lokalitetar med utvalde naturtypar i kommunen. Mange av disse er kystlynghei, og er meir verdifulle enn andre lokalitetar der det er funne kystlynghei, men som har lågare kvalitet. Meir enn 80 % av lyngheiene i Europa har forsvunne. Det kvilar eit tungt internasjonalt ansvar på Noreg når det gjeld forskning og forvaltning av denne naturtypen. På Dimnaneset og Røyrafjellet er to lokalitetar som er vurdert til å vere svært viktig/A-verdi.

Slåttemarka «Eiksund: ved Havågane NR» er også ein utvald naturtype, og må difor reknast som ekstra verdifull.

### 5.3 Trugsmål mot naturen i Ulstein

Det er nokre påverkande faktorar som peiker seg ut som dei største trugsmåla mot naturen i Ulstein:

- **Arealendring og utbygging.** For naturmangfaldet nasjonalt er dette det største trugsmålet, og det gjeld også for Ulstein. Utbygging og arealendring fører til at artar mistar leveområda sine, naturtypelokalitetar går tapt og vandringskorridorar brytast. Døme på arealendringar som kan vere aktuelt i ein kystkommune som Ulstein er vindkraftanlegg, oppdrettsanlegg, fritidsbustader, utbygging av næring og utfylling i sjø. Pressområde i Ulstein er t.d. Ulsteinvik sentrum, Saunesmarka og Holmen.
- **Endringar i landbruket.** Mange av naturverdiane i Ulstein er knytt til kulturmarka. Opphøyr av tradisjonell slått, beite og lyngbrenning, samt meir oppdyrka og pløgd areal og/eller areal gjødsling med kunstgjødsel gjer kulturmarka til mindre gunstige leveområde for til dømes sopp, plantar, fuglar og insekt.
- **Framande artar.** Framande artar blir rekna som eit av dei største trugsmåla mot naturmangfaldet. Klimaendringane, med høgare temperatur, lengre vekstsesong, og kortare og mildare vintrar, gjer det også lettare for framande artar å etablere seg i Noreg.